



Institutt og senter ved UiB

Your ref

Our ref

Date
10-04-18

Invitasjon til skisser for tverrfaglege marine stipendiatstillinger

Universitetet i Bergen (UiB) skal lyse ut to stipendiatstillinger som eit ledd i UiB sin marine satsing. Vi ynskjer no innspel frå fagmiljøa til mogelege fagområda for stillingane. Stillingane skal ikkje vere knytt til Mat.Nat.-fakultetet, men Mat. Nat. kan inngå i tverrfakultært samarbeid.

Vi vil gjerne oppfordre til samarbeidsprosjekt der fagmiljø ved to fakultet går saman om forslaget.

Vi tek imot korte skisser (ca ei halv side) til kva forskning desse stipendiatstillingane kan tenkjast å inngå i. Det må også beskrivast kven som kan rettleie studentane og i kva grad stipendiatane kan knytast til eksisterande forskingsmiljø og prosjekt.

Det vil vere ei standard internasjonal utlysning.

Forslag kan sendast marin direktør Amund Måge på e-post amund.maage@uib.no.

Vi håpar på spennande innspel på om lag ei halv side for å beskrive tematikken. Skissene vert diskutert i Marint utval. Vi må ha skissene inne til 5. mai og ser for oss oppstart av stipendiatane i januar 2019.

Mvh

Handwritten signature of Jarl Giske in blue ink.

Jarl Giske

Marin dekan

Handwritten signature of Amund Måge in blue ink.

Amund Måge

Marin direktør